

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Indre Dalsfjord,
Steinsvik krins.

Oppskr. av: Sverre Lyngnes.

Gard:

(adresse): Steinsvik på Sunnmøre.

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle, og det eg har fått visst med eldre i grenda.
B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1// I grenda her er det liten skilnad på gardane.

No er her ikkje husmannsplassar att. Alle gardane har eigen hest. I eldre tid var det nokon skilnad såleis. Men stort sett var høyingsmåten den same på husmannsplassane som på dei andre gardane. Husmennene lånte hest til bruk der det let seg gjera å nytta han.

No er det omlag heilt slutt med å slå i utmarka. Berre eit par gardar, Vassbakke, har utslått lengst framme i dalen, ei flate, Støylen, som elva har laga i dalbotnen. Og eit par andre gardar, Åmeåfotdal, har eit sløtte øvst i fjellbruna, nokre skreder med svært mykje gras. Dei firar høyet på løypestreng heilt ned til husa.

Men før hadde alle gardane i Steinsvik, 5 bruk, utmarkslåtter i ei bratt strandside nord for garden.

Kva tid den ålmenne utmarkslåtten gjekk av bruk er vandt å seia. Det gjekk for seg litt etter litt. Men fram mot 1920-åra var det vanleg for alle å slå i utmarka.

Heime på Lyngnes (Dravlaus krins) slo vi i utmarka etter den tid og. Der er stygge elvegyl som er inngjerde med såkalla skadegard. Krøtra måtte ikkje kome der, for

då ramla dei og slo seg i hel. Mykje gras var der - og kor mødesamt det enn var å få tak i det - ofte måtte slåttekaren ha tau på seg - så rekna dei med at det løn- te seg. Og så var det så stygt at gras stod att!

Vi bar rårhøyet i små bærer på ryggen(i byratog) ned til vegen, fekk så låne hest og kørde det heim. Beste- far min bar det elles på ryggen heile vegen, omlag 1 km, og det kunne vera både 3 og 4 gode rårhøylar! Det var føre 1900. Eit anna sløtte var med slikt terreng at vi fekk bruke m e i s og m e i s e det ned til vegen.

Grannen vår slo både i Sloka og i Flåne. Han bruka alltid meis der, og for oss ungane var det meir enn gilde stunder å sjå på når meisa kom daskande utfor stupa og hamrane.


Det er ikkje tvil om at utmarksløtten heldt seg noko lenger på dei små gardane - det vesle som var då. Kring 1920-åra bruka handelsmannen vår - som og var småbrukar, å slå ei skrede, Bjørnåskreda, som høyrde Innselset til. Dei hadde slutta sløtten der, og han fekk hente høyet, så vidt eg veit utan vederlag. Han firte på streng eller meisa ~~mykje~~ graset ned, tok det i motorbåten sin heimatt.

Som det no er får dei som ikkje har hest låne når dei har høy å frakte. Ofte er lånet gratis - eller som bytearbeid. Svært sjeldan som beinveges leige. Er det vanskar med hestelån - dersom hestane er opptekne - så er det ikkje anna råd enn å ta høyet på ryggen. Å bere høy er enno nokså mykje bruka.


2// Om transporten er noko sagt ovanfor. Med den bruk som no er, er det berre køyring det blir tale om - dei som har hest då. Og då omlag berre med tohjula vogn. Dragsledar(høysledar) finst enno på gardane her, og stund om anna er dei i bruk i bratt og veglaust lende.(på heimebøen). Elles brukar dei ofte sloje. Dei som ikkje har hest -eller har høve til å låne slik, ber høyet(graset) på ryggen i byratog - eller der lendet er til det sloje.

Byratog ~~knx~~(eit byratog) er vanleg å finna på kvar gard. Om det no på dei største gardane ikkje er noko serleg nytta til høybering, så er det hendigt til mangt anna. Byratoget må alltid ha ei hovd. Henne har eg sett vore laga på to måtar:

1/ av krokvaksen ved, helst eine og tauet fest som teikning A. viser.



2/ bøygd i hop av ei seig grein, eit vidjeemne, selje eller annan seig ved, og tauet fest som teikninga B. viser.



Å bera høy på annan måte veit ein ikkje om her. Når det galdt ein sloje og å sloje, så kom det så mykje an på kva slag lende der var. Slojen vart - og er framleis - berre bruka i unnabakke. Og så i nokolunde slett terreng. Var lendet slik at ein kunne spenne hesten for slojen fekk ein mykje meir enn eitt vognlass på. Men var det lite bratt, og ein måtte bruke mannemakt, måtte slojen vera deretter. Lessinga var det ikkje så nett med, når ein berre fekk graset til å liggja.

Men då var det alltid best å byrja fremst, d.v.s. nedst i bakken. Og så trakke godt!

Å leggja ei god høybøra er ikkje gjort første gongen ein prøvar. Først måtte ein finna ein god stad, helst jamn og så leggja tauet rett og greitt ut beint unna bakken. Høyet (eller graset) må godt kjembast med riva. d.v.s. skare det godt i hop i flatvorne flak(lage fengjer-som dei seier andre stader). Her heitte det alltid ei k j e m b e, fleire k j e m b e(r), r-en fell bort i talemålet her. Kjembene måtte vera like på begge sider(like tunge) og så faste som berre mogleg. Når ho då var ferdig, tok kjembaren eit tak midt nedi med vinstre handa og stuva kjemba i hop med ein kryl opp. Og med riva på eine kanten og vinstrehanda på den andre la ein kjemba midt på begge taupartane. Hovda måtte ikkje verta gøymd for då vart det vandt å finna henne når børa var ferdig og skulle setjast. Stod det ved med regn, og det var turrhøy som skulle inn, fekk det ikkje vera noko lang trivling etter hovda!

Så la ein då på så mange kjember som vart høveleg bær. Råhøy 3 - 4, turrhøy 7 - 8 etter som vegen var, lang, stutt, bratt e. likn. (Og så etter kor sterk mannen var!)

Når då børa var ferdig ^{l a g d,} måtte ho setjast(å setje) Beraren stilte seg nedst, greidde ut tauet og la bæe ~~partane~~ partane greide over børa. Setjaren, som oftast var kvinnfolk, stilte seg bak børa, tredde bæe partane greide gjennom hovda, gav beraren den eine parten og sette sjølv på sin part, medan beraren sette på sin. Såleis fekk ein børa godt ihop-strøpyt. Så fekk beraren hin parten og, sette seg ned og tredde begge hendene gjennom taupartane som var nærast børa, til hengsle over kvar herd.

Stramma så tauet passeleg, helst i meste laget. Når han då skulle reisa seg, måtte hjelparen " v e l t e p å " bœra. Hjelparen stod alltid attanfor og skuva og letta. - Så kara hjelparen av det lause høyet med riva. Det kalla dei " å t a t a " (å taka av). Dei gamle var nøgne med det så ein ikkje d r a g s a, d.v.s at høy datt av og vart liggjande på vegen.

Ein skulle heller ikkje kvila med ei høybœre. Det var vel helst fordi det då gjerne ville detta av nokre høybos.

Borna var alltid med i arbeidet. Dei hadde små bœratog og bar små bœrer. Eller dei hjelpte til med raking.

Meis var å finna på mest kvar einaste gard før. Det heitte alltid e i m e i s. Ho var laga som grov not, av tjukt tauverk, helst hamp. Ei tid laga dei her meiser av kløyvde torskegarn (sjølve bussen berre), for det vyrket var nokså mjukt og slo ikkje så lett sundt når meisa gjekk over ur og stein. Sjølve arbeidet heitte å m e i s e. Greidde dei det, tok dei heile meisa på sleden og kœyrde heim - der det var veg, då. Eller dei tok henne i båt. Her gjorde dei det på siste måten. Komne heim, drog dei båten så langt han flaut på flod sjø, let han felle turr, og kœyrde med slede ned i fjœra og velte meisa på - og kœyrde på turkeplass.

Då løypstrengjer kom i bruk, kring hundreårskiftet eller noko før, fortrengde dei omlag heilt meisene her. På kvar gard var det serskilde høystrenger, noko grannare enn dei som var bruka til vedfiring. Høyet firde dei i taustropper.

Kiper til å bere høy i har ikkje vore nytta her.

Trillebåre brukar ein til transport av høy, serleg på mindre gardar. Og då til å frakte rauhøy kortare stykke til hesjane - og berre der det er tolleg flat mark. Dei brukar same trillebåra som elles, men slår gjerne på ei grind framme mot hjulet. - Anna slag båre kjenner ein ikkje til. - Reidskapet med fire langsgående trestavar o.s.v. kjenner ein heller ikkje.

3/// Berre eit par gardar her har s k o g a l ø d e r. Det er på ein utslått fremst i dalen, ein flat voll ved elva. Det er ikkje køyreveg ~~å~~ for hjul dit. Høyet køyrer dei derfrå på vinterføre, over to vatn. Elles blir alt høy heimkøyrert på sommarføre.

4/// No er det berre 2-hjula høyvogner med karm på som til vanleg er i bruk. Av desse må det vera 2 på kvar gard, gjerne med litt skilnad i storleik, ei s t o r e v o g n og ei l i s s e v o g n. Men den skilnaden ser ut til å gå av bruk. Desse vognene blir alltid kalla høyvogner. (Hjulslede er noko anna, ei tohjula vogn med bikkiste påbruka til gjødselkøyring o.sl. Har ikkje meiar.)

Noko slag reglar om køyring med meiar og hjul veit ein ikkje om.


Grinda på vogna kallar ein til vanleg h ø y k ø r g.

Føre 1890 fanst det ikkje anna enn vanlege høysledar (med meiar) her. Men andre stader hadde somme av karane her sett vogner vore i bruk til høykøyning. Ein dag det truga hardt med regn og dei hadde mykje høy utover marka framme på Langegjerdet (i utkanten av eignedomane) tok dei kistene av hjulsledane og leste høy på. Det var første gongen det var transportert høy på hjul her.

Etter dette laga dei seg høyvøgner - men hadde lenge berre ei på kvar gard. I lang tid bruka dei berre t e n g e r (e i t o n g) over lasset, og t o n g s i m til å strypa saman med.

Tongja var laga av 2 tverstokkar, ein i kvar ende å k j a (tveråkja) og 4 langsgåande lister, halvkløyvingar av selje eller hassel. På attarste åkjen var stundom ein nabb midt på . G j y r i n g a (samanstrypinga av lasset) måtte gjerast på rette måten. Og var det rett gjort, datt det ikkje av ei bust om det vart aldri så mykje skaking. Attarst på sleden (vogna) var nokre hyrningar som ein la tongsimen kring.

Figuren her viser gjyringa:



Tongja måtte skuvast godt fram før ein tok til, ein måtte g j y r e g o d t o n d e, sa dei. Utan det tvinga ein lasset for mykje attover. Det var ikkje bruka hovd på tongja. Dei som ikkje bruka nabb, tok tongsimen kring åkjen.

Noko slag reglar for siste lasset veit ein ikkje. Berre det at s k r a p l a s s e t oftast hadde lag til å verta størst. Ingen ting måtte liggja att. Det er fortalt at ein mann var så vyrk for høystråa at han tok av seg raudehuva og kosta av steinane med .

Berre ein hest er bruka for høyvogna.

Siste året har her vore arbeidd ei vanleg fôr hjula vogn, og det er ikkje tvil om at på flatvorne gardar kjem den vogntypa snart ålment i bruk.

5/// Samslått har her ikkje vore. Kvar gard hadde sin teig i utmarka. Men nokre teigar var det slik med at dei byttest åt med å slå dei år om anna. Dette for å få det mest mogleg rettvist!

6/// Dei som no har utløder(nemnt framanføre) køyrer høyet heim på etterjulsvinteren. Til vanleg er det ikkje meir snø at det inga serskilt brøyting trengst. Og elles driv dei andre gardane som regel med vedkøyning der, og så nyttar dei høvet å få heim høyet medan vegen er open. Noko serskild ordning er det ikkje, og har heller ikkje vore. Dei brukar til vanleg 2 sledar, Ein mann er med og lesser medan hin køyrer. Lengda er fram mot 2 km.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

108